

# ÅRSMELDING 2017

## KNARVIK INDUSTRI OG MILJØ AS

ORG.NR. 960 610 768

Knarvik Industri og Miljø AS er ei kommunal verksemd, eigd 100 % av Lindås Kommune. Verksemda er godkjent tiltaksarrangør for VTA, Varig Tilrettelagd Arbeid. Aksjekapitalen er kr 600.000.- fordelt på 600 aksjar a kr 1.000.-

Verksemda held til i Knarvik i Lindås Kommune i eige bygg.

### Føremål

Verksemda sitt føremål lyder slik:

*Knarvik Industri og Miljø AS skal, gjennom samarbeid med Lindås Kommune, Hordaland Fylkeskommune og NAV, tilby arbeidsplassar, arbeidstrening og aktivisering for menneske som har trong for tilrettelagte tiltak.*

*Knarvik Industri og Miljø AS kan etablere samarbeid med og ha eigarandelar i andre liknande verksemdar.*

### Styret

Styret i Knarvik Industri og Miljø AS har i 2017 hatt slik samansetjing:

Styreleiar: Jan-Åge Johannessen

Nestleiar: Leidulv Brunborg

Medlem: Jostein Hellestveit

Medlem: Henriette Stormark

Medlem: Irene Mariell Birkeland

Medlem: Kåre Helge Østrem

Medlem: Gunnlaug B. Dale, vald av dei tilsette

Varafolk: Trude Hosøy Andersen

Astrid Namtvedt Sylta

Kjetil Melvær

Jarle Kaland, vald av dei tilsette

Styret har halde 6 styremøter og handsama 34 saker

Lindås Kommune ved Ordførar og Rådmann har møterett i styremøta med observatørstatus.

## **Drift**

Knarvik Industri og Miljø AS er godkjent for 30 VTA plasser. I tillegg har kommunen kjøpt plassar. Det same har Hordaland Fylkeskommune og Friomsorgen gjort. Verksemda har i 2017 hatt fullt belegg på VTA plassane, og har etablert venteliste. For å få VTA plass, må søknaden koma gjennom NAV Lindås, og handsamast i «Rådgevingande utval» i verksemda. Søkjarane må vere kvalifisert til utføretrygd. I oktober 2017 fekk vi ein elev i språkpraksis (mann frå Syria).

Verksemda er godkjent etter EQUASS sertifiseringssystem, som er eit europeisk kvalitetssikringssystem for levering av velferdstenester. Verksemda skal re-sertifiserast i desember 2018. I NAV sin kravspesifikasjon for levering av VTA tiltaket, vert det stilt krav om sertifisering etter eit slikt system.

## **Rekneskap og resultat**

Årsrekneskapen gjev etter styret si meining eit rettvise oversyn over utvikling og resultat. Etter finans syner årsresultatet eit overskot på kr 269 755.- Den rekneskapsmessige eigenkapitalen er positiv.

Føresetnaden for vidare drift er tilstade, og årsmeldinga er godkjent under dette vilkåret. Styret er ikkje kjent med at det har oppstått tilhøve som har innverknad på vurderinga av rekneskapen.

## **Helse, Miljø og Tryggleik**

Sjukefråværet har vore på 3.7 % for alle tilsette i 2017. Det har ikkje vore registrert uhell eller arbeidskader som har medført fråvær. Verksemda har Bedriftshelseteneste (Salutis AS)

## **Likestilling**

Verksemda hadde ved utgangen av 2017 13 ordinært tilsette, 4 menn og 9 kvinner. Styret består av 7 personar, 4 menn og 3 kvinner. Styret har utifrå dette ikkje funne det påkravd å setje i verk særlege tiltak med omsyn til likestilling.

## **Investeringar**

Det er ikkje gjort større investeringar i 2017.

## **Framtidig utvikling**

Styret ser positiv på framtida i selskapet, og tek sikte på å oppnå dei målsetningane ein har innanfor dei økonomiske ramme som vert gjevne. Dette i nært samarbeid med eigaren Lindås Kommune, og andre offentlege og private samarbeidspartnarar.

Knarvik, 17 april 2018

## **Styret**

Jan-Åge Johannessen	Leidulv Brunborg	Jostein Hellestveit	Henriette Stormark
Styreleiar	Nestleiar	Medlem	Medlem

Irene Mariell Birkeland	Kåre Helge Østrem	Gunnlaug B. Dale
Medlem	Medlem	Medlem